

Ottar Grepstad
ottar.grepstad@
aasentunet.no



Innsida

Diktet om «Nordmannen» vart Aasen derimot aldri ferdig med, tykte han. Til dette diktet finst det ei mengd kladdar, rettingar og utkast.

Reidar Djupedal i Ivar Aasen: «Symra og andre dikt», 1959

Aa



Mor til alle songbøkene

■ GAMALT OR BOKHYLLENE

Mellom 1863 og 1875 publiserte Ivar Aasen diktet «Nordmannen» seks gonger med til saman 11 strofer. Tre av dei stod i dei tre ulike utgåvene av *Symra* som kom i 1863, 1867 og 1875. I dei tre utgåvene er det i alt åtte strofer. Ein fjerde versjon blei trykt og brukt i Studentersamfundet i Christiania 17. mai 1867, eit halvt år før andre utgåva av *Symra* låg føre, og finst i to ulike særprent i høve denne dagen. Den femte versjonen blei trykt i antologien *Lauvduskar* i juni 1868.

Symra er, som Aasen-kjennaren Stephen Walton har peikt på, inga laus eller tilfeldig samling av dikt. Den er gjennomkomponert på finurlig vis. I desse prenta versjonane er det berre to faste element: den første strofa og tittelen «Nordmannen». Med den tittelen plasserte han kort og godt sitt eige folk mellom historia i «Gamle Norig» og naturen i «Dei gamle Fjelli».

Som Aasen-kjennaren Terje Aarset palmesøndag sa det så treffande i eit foredrag i Ivar Aasen-tunet: *Symra* er mor til alle dei norske songbøkene.

Lindemans verk

■ DET RAUSE HJØRNET

For Ivar Aasen var dikt tekst som skulle syngjast. Så brukte han då også nemninga «Visor» i undertittelen på diktsamlinga *Symra*. Der stod teksten første gongen på prent i 1863, som ein song der dikteren hadde tenkt seg «Dei vil alltid klaga og kyta»

Ukjend strofe

■ NYTT FRÅ NOREG

Handskriftene etter Ivar Aasen er mange. Dei aller fleste ligg samla ved Nasjonalbiblioteket i Oslo. I tillegg til mellom anna ein god del brev frå Ivar Aasen inneheld arkivet i Ivar Aasen-tunet også 218 handskrifter etter han. Mange av desse er knytte til den skjønnlitterære delen av livsverket hans. Fire av handskriftene inneheld versjonar og variantar av «Nordmannen». I ei av handskriftene står ei strofe som ikkje har vore kjent til

no, og som ikkje har vore prenta før. Den står som strofe nr. 3 i ein versjon med seks strofer, der berre første strofa er som i alle andre kjende versjonar. Dei fire andre strofene er variantar av strofer som elles er trykte, men samla sett er denne versjonen nokså ulik dei vi elles kjenner. Ver så god:

*Det var bratt i dei skrukkutte Rindom
men paa Heidi stod Smaaskogen tett
og der grønkade Gras millom Tindom
og i Høgdi var Livet so lett.*

Diktarens kloke skjøn

■ SPRÅK

Med sine fem strofer er «Nordmannen» ein av svært få folkesongar der eit breitt publikum kan heile teksten. På vanleg grundig vis har Terje Aarset gjort greie for mykje om dei ymse versjonane i ein avisartikkel i 1996. Ingen av dei store Aasenbiografiene går særleg inn på nett denne songen; den som gjer mest ut av emnet, er Stephen Walton. Innsida har grave noko meir i delar av materialet kring denne songen.

I handskriftene etter Aasen finst det mange variantar av verselinjer og versjonar av heile strofer og samla utkast. Det finst minst 15 ulike strofer til «Nordmannen», og til mange av desse finst det ymse variantar. Som diktarens kladd vil slikt ha interesse i tekstkritiske studiar. Sjølv om det vil vere umogleg å tidfeste alle dei ulike handskriftene, kan det samla materialet vise korleis dikteren Ivar Aasen leita seg fram til det som kunne bli ståande. Dei mange utkasta viser at han hadde eit godt blikk for kva som var godt og dårleg i hans eigne tekstar. Den strofa som for første gong blir prenta i *Dag og Tid* i dag, er nettopp eit døme på det som ikkje var godt nok. Det er lett å vere samd med Ivar Aasen i at dei fem endelege strofene også var dei fem beste.



Ivar Aasen skreiv minst 15 strofer til «Nordmannen».

I prinsippet er det diktarens siste versjon som gjeld. Det vil seie versjonen frå 1875. Det er likevel berre nokre få rettskrivingsendringar som skil denne frå den versjonen som stod i andre utgåva av *Symra* i 1867. Sjølv om Aasen prøvde seg fram, blei han altså ståande ved den versjonen som han publiserte i 1867.

Alle gode grunnar talar for at ettertida bør respektere diktarens vilje og endelege skjøn. Det er dei fem strofene som har gitt denne songen den posisjonen den har. Utvatning i form av utvida versjonar kan over tid vere ufrivillige bidrag til å svekke denne posisjonen. Det har verken «Nordmannen» eller nordmennene for- tent.

Nordmannen

*Millom Bakkar og Berg ut med Havet
heve Nordmannen fenet sin Heim,
der han sjølv heve Tufterna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.*
(*Symra*, 1. utg. 1863; 2. utg. 1867; 3. utg. 1875)

*Han saag ut på dei steinutte Strender;
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt.»*
(*Symra*, 2. utg. 1867; 3. utg. 1875)

*Og han vandest til Vaagnad og Møda,
der han laut vera herdig og sterk;
og han høyrer med Hugnad ei Røda
um stor Mannndom og dugande Verk.*
(*Symra*, 1. utg. 1863)

*Kring um Dalen stod Fjelli som Grindar,
men um Bergi var grasgrøne Band;
der han gjekk millom Heidar og Tindar,
og der saag han so vidt yver Land.*
(Studentersamfundet 17de Mai 1867; 17 Mai [1867]; Lauvduskar II, 1868)

*Han saag ut paa det baarutte Havet;
der var ruskutt aa leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.*
(*Symra*, 2. utg. 1867; 3. utg. 1875)

*Fram paa Vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare Land!
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,
fekk han Hug til si heimlege Strand.*
(*Symra*, 1. utg. 1863; 2. utg. 1867; 3. utg. 1875)

*Og naar Liderna grønka som Hagar,
naar det laver av Blomar på Straa,
og naar Næter er ljosa som Dagar,
kann han ingenstad vænare sjaa.*
(*Symra*, 2. utg. 1867; 3. utg. 1875)

*Sud um Havet han stundom laut skrida.
Der var Rikdom paa Benkjer og Bord;
men kring um saag han Trældomen kvida,
og so vende han atter mot nord.*
(Studentersamfundet 17de Mai 1867; 17 Mai [1867]; Lauvduskar II, 1868)

*Lat no andre om Storleiken kivast,
lat deim bragla med Rikdom og Høgdi!
Millom Kaksar eg litet kann trivast,
millom Jamningar helst er eg nøgd.*
(Studentersamfundet 17de Mai 1867; 17 Mai [1867]; Lauvduskar II, 1868)

*Naar han kom paa dei rikaste Leider,
saag han tidt, at han litet var kjend;
men han visste ein Vyrndad og Heider,
som kan bu i den armaste Grend.*
(*Symra*, 1. utg. 1863)

*«Lat deim hava den Æra, dei kunna,
og sin Rikdom og Styrke dertil,
naar som berre dei meg vilja unna
at faa raada min Arv, som eg vil.»*
(*Symra*, 1. utg. 1863)

Ivar Aasen, 1863-1875

Dette var dei elleve strofene Ivar Aasen sjølv lét prente. Rekkjefølgja av desse ovanfor er vilkårlig i den forstand at ingen veit korleis dikteren ville ha komponert dei viss han nokon gong hadde publisert dei alle under eitt. Ivar Aasen publiserte aldri meir enn åtte strofer i ein versjon. Innbyrdes er likevel rekkjefølgja i kvar av versjonane i samsvar med dei handskriftene og trykte utgåvene som ligg føre. Dei elleve strofene har vore publiserte i andre samanhengar, men inneheld fleire feil som her er kontrollerte mot originalutgåvene.